



Hardanger AKS AS
Sjusetevegen 67
5610 ØYSTESE

Dato: 06.11.2017
Vår ref.: 2015/943-67
Dykkar ref.:

Partsbrev - Oppfølging - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 114/17 Oppfølging – Selskapskontroll av Hardanger AKS AS etter møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 30.10.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

*«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.»*

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Arkivnr: 2015/943-64
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet | 114/17 | 30.10.2017 |

Oppfølging - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS

Bakgrunn for saka:

Selskapskontrollrapport av Hardanger AKS AS vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hardanger AKS AS** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 16 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Det går fram av punkt 9 i rapporten at Deloitte tilrår at Hordaland fylkeskommune set i verk følgjande tiltak:

1. Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
2. Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.
3. Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad

4. Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen og selskapet, og at selskapet dokumenterer eleven sin arbeidspraksis i tilstrekkeleg grad før fylkeskommunen betaler for praksisplassen.
5. Formaliserer forventingar og krav til selskapet vedrørende oppfølging av elevane og korleis selskapet skal rapportere til skulen om til dømes manglande oppmøte og liknande.»

Deretter går det fram av punkt 9 i rapporten at Deloitte tilrår at Hardanger AKS AS sett i verk slike tiltak:

1. Sørger for at Kvam sin eigarstrategi blir lagt fram for handsaming i generalforsamlinga.
2. Sørger for at det blir utarbeidd ei utgreiing i samsvar med krava i aksjelova § 3-8 i ved eventuelt kjøp av NIS.
3. Utarbeider instruks for styret i samsvar med aksjelova § 6-23 der det går fram krav om rapportering frå dagleg leiar til styret, samt vurderer tiltak for å sikre at styret følgjer opp selskapet på ein planmessig og systematisk måte og får tilstrekkeleg informasjon om alle sentrale sider ved drifta i selskapet.
4. Etablerer rutinar for at styret gjennomfører ei årleg eigenevaluering.
5. Oppdaterer instruksar for alle leiarane i selskapet der det går fram kva ansvar den enkelte har.
6. Utarbeider ein ny strategi eller verksemdplan for Hardanger AKS med mål og planar for drifta, som omfattar både VTA-delen og attføringsdelen av selskapet.
7. Gjer ei grunding vurdering, som vert skriftleg dokumentert, av om talet på arbeidsleiarar (og tilsette) er forsvarlig innan dei avdelingane der det er spesielt mange arbeidstakarar per arbeidsleiar.
8. Gjennomfører ei risikoaanalyse av verksemda for å avdekke kor det er behov for betre system og rutinar. I dette arbeidet bør også samarbeidspartnarane, arbeidstakarar og tilsette bli teke med.
9. Sikrar at selskapet har system og rutinar som er oppdaterte, dekkande, relevante og innbyrdes konsistente for både VTA delen og attføringsdelen av selskapet. Det bør utarbeidast ein tidsplan for dette arbeidet med fordeling av ansvar.
10. Gjennomfører brukarundersøkingar og sikre tilstrekkeleg med brukarmedverknad som omfattar alle verksemdområda, og etablere rutinar for korleis selskapet skal nytte resultat frå brukarsamtalar og brukarundersøkingar i forbetring av verksemda (ikkje berre til utvikling av den einskilde arbeidstakar).
11. Formaliserer avtalar, føringar og godkjenningar frå NAV Hordaland, også i dei tilfella selskapet har fått godkjent å avvike frå sentrale føringar.
12. Gjennomgår system og rutinar for HMS, under dette:
 - Sikre tilstrekkelege rutinar og tilfredsstillande dokumentasjon for alle krava i internkontrollforskrifta. Dette bør dokumenterast i kvalitetssystemet.
 - Etablerer system og rutinar for etterleving av krava til industrivern.
 - Utarbeide rutinar for å handtere vold og truslar på arbeidsplassen og korleis dette skal følgjast opp både internt i selskapet og i forhold til oppdragsgjevarar.
 - Sikre at alle avvik og kritiske hendingar blir registrert i avvikssystemet
13. Gjer ei grundig, skriftleg vurdering av om selskapet er omfatta av offentleglova og regelverk for offentlige anskaffingar.
14. Utarbeider tilfredsstillande økonomirutinar, under dette
 - a. Rutinar for å utarbeide dokumenterte investeringskalkylar og analysar av økonomiske og driftsmessige konsekvensar av investeringar som selskapet planlegger å gjennomføre.
 - b. Sikrar at økonomioppfølging, kvalitets- og resultatkrav er tilstrekkeleg spesifisert for det enkelte tiltak eller den enkelte tilskotsordning i samsvar med krava i forskrift om arbeidsretta tiltak.
15. Vurderer tiltak for å styrka likviditeten.

16. *Rapporterer til Hordaland fylkeskommune i samsvar med krava i avtalen mellom selskapet og Hordaland fylkeskommunen om praksisplasselevar.»*

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Vi legg til grunn at dette ansvaret også gjeld for revisjonsrapportar om selskapskontroll.

På bakgrunn av vedtaka i fylkestinget i juni 2016 handsama kontrollutvalet tilbakemelding om status på forbetningsarbeidet frå fylkesrådmannen og frå Hardanger AKS AS i møte 20.10.2016. Der vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp, både av fylkesrådmannen og av styret/dagleg leiar, i samband med selskapskontroll av Hardanger AKS AS.*
2. *På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av mars 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.3.2017. Denne tilbakemeldinga må innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.*

Kontrollutvalet handsama tilbakemelding på forbetningsarbeidet frå Fylkesrådmannen og Hardanger AKS AS i møte 23.05.2017 der det vert gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber **fylkesrådmannen** om ny status på alle 5 punkta i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.09.2017. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.
2. Kontrollutvalet ber **styret/dagleg leiar i Hardanger AKS AS** om ny status i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 3 til 12, 14b og 16 innan 01.09.2017. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.

Drøfting:

Sekretariatet har no motteke ny status på forbetningsarbeidet frå Hardanger AKS AS dagsett 28.08.2017 og frå Fylkesrådmannen dagsett 13.10.2017. Begge tilbakemeldingane ligg ved.

Tilbakemelding frå fylkesrådmannen:

Sekretariatet har merka seg at forbetningsarbeidet etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS framleis ikkje er ferdig sjølv om det no er nesten 1,5 år sidan vedtaket vart gjort i fylkestinget. Sekretariatet meiner at dette ikkje er tilfredsstillande oppfølging av ein selskapskontroll og kontrollutvalet bør i si tilbakemelding gje uttrykk for det. På bakgrunn av dette bør utvalet få fram at det no er forventning om at forbetningsarbeidet er

ferdig innan utgangen av 2017 og be om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018. Det bør også vurderast om fylkesrådmannen skal inviterast inn i neste møte for å gjera greie for kvifor forbetningsarbeidet enno ikkje er ferdig.

Tilbakemelding frå Hardanger AKS AS:

Det har vore utfordrande for sekretariatet å sette seg inn i tilbakemeldinga frå Hardanger AKS AS då dokumentasjonen som er motteke er omfattande. Det kan difor vera vanskeleg å stadfeste om alle punkta er fullt ut svara på, men det er mykje som tyder på at det meste er på plass. Punkt 16 om «Rapporterer til Hordaland fylkeskommune i samsvar med krava i avtalen mellom selskapet og Hordaland fylkeskommunen om praksisplassselevar» kan ikkje sekretariatet sjå at det er motteke svar på. Det går klart fram av tilbakemeldinga at selskapet har kome langt i å kunne dokumentere drifta si på ein heilt annan måte enn tidlegare. Dette har bidrege i sterk grad til å gjere det som er naudsynt for å kunne fortsette det viktige arbeidet som Hardanger AKS AS gjer. Kontrollutvalet bør også sette seg grundig inn i den mottekne dokumentasjonen før møtet. På bakgrunn av dette meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be om å få ny tilbakemelding på punkt 16 i vedtaket innan 15.01.2018.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet bør gje uttrykk for at det ikkje er tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter ein selskapskontroll ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort. Utvalet bør vidare ha forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og be om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018. Det bør også vurderast om fylkesrådmannen skal inviterast inn i neste møte for å gjera greie for kvifor forbetningsarbeidet enno ikkje er vorte ferdig.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet gjev uttrykk for at dei er nøgd med at **Hardanger AKS AS** nesten er ferdig med sitt forbetningsarbeid, men at det framleis manglar tilfredsstillande svar på punkt 16 som går på rapportering til Hordaland fylkeskommune om praksisplassar. Utvalet bør be om at dokumentasjon på punkt 16 vert send innan 15.01.2018.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
 2. Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.
-
1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er nesten ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen.
 2. Det manglar likevel tilfredsstillande svar på punkt 16, som går på rapportering til Hordaland fylkeskommune om praksisplassar, og kontrollutvalet ber om at naudsynt dokumentasjon på dette punktet vert send innan 15.01.2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017

Handsaming i møte

Etter at saka var send ut til kontrollutvalet har vi motteke naudsynt informasjon frå Hardanger AKS AS i høve punkt 16 i vedtaket. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg nøgd med tilbakemeldinga fra Hardanger AKS AS og seier seg ferdig med saka. Det betyr at punkt 2 i vedtaket som gjeld selskapet går ut medan punkt 1 i vedtaket vert endra til:

*«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.»*

For å lettare kunne halde vedtaka frå kvarandre, vert vedtaket som gjeld Hardanger AKS AS nummerert som nr. 3.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.
3. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Revidert tilbakemelding - Deloitte - 28_08_17
- 2 Svar frå fylkesrådmannen oppfølging av selskapskontroll i Hardanger AKS AS